



Til
Kommunane i Hordaland
Kommunane i Sogn og Fjordane
Statlege etatar

Sakshandsamar, innvalstelefon
Egil Hauge, 5557 2350

Viktig informasjon til kommunar og statlege etatar knytt til handsaming av plan- og dispensasjonssaker

Fylkesmannen i Vestland ønskjer med dette brevet å informere om følgjande:

1. Orientering om ordninga med Fylkesmannens samordning av statlege motsegner til kommunale planar etter plan- og bygningslova

Frå 01.01.2019 vart som kjent Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane slått saman til eitt embete, Fylkesmannen i Vestland. Frå same dato vart også forsøksordninga med samordning av motsegner gjort om til ei permanent nasjonal ordning. For nærare informasjon, sjå KMDs brev av 22.12.2017, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/delegering-av-myndighet-til-a-samordne-statlige-innsigelser-til-kommunale-planer-etter-plan-og-bygningsloven/id2590406/>.

Tilbakemeldingane og erfaringane med forsøksordninga er gode, noko ein m.a. kan lese meir om i rapporten «*Evaluering av forsøket med samordning av statlige innsigelser til kommunale planer, Norut rapport 11/2016.*» Mellom anna har samordningsprosjektet styrka dialog og samhandling mellom aktørane og gjeve meir effektiv og betre statleg medverknad i kommunale planprosessar. Både tal motsegner og sakshandsamingstid i motsegnssaker er redusert. Medan ein i Hordaland har vore med på forsøksordninga sidan starten, så er dette frå i år nytt i Sogn og Fjordane.

Når samordning av statlege motsegner no er innført som ei nasjonal ordning, ønskjer Fylkesmannen å orientere om kva dette betyr i praksis, både for kommunen og for dei regionale statlege etatane:

- Kommunen må sikre at alle statlege instansar som kan ha merknader eller innvendingar til eit planforslaget får planforslaget tilsendt på høyring.
- Motsegner frå statlege instansar som vert sett fram til planforslag etter plan- og bygningslova skal sendast til Fylkesmannen i Vestland med kopi til kommunen.



- For å ha tilstrekkeleg tid til samordning må slike motsegner frå statlege instansar vere Fylkesmannen i hende seinast to veker før ordinær høyringsfrist går ut.
- Ved behov for utsett høyringsfrist tek Fylkesmannen kontakt med kommunen.
- Fylkesmannen gjer ei samla vurdering av innkomne motsegner og tek deretter normalt initiativ til dialogmøte mellom kommunen, aktuell(e) statleg(e) aktør(ar) og Fylkesmannen.
- I dialogmøtet går ein gjennom dei motsegnspunkta som ligg føre med tanke på å få ei felles forståing av problemstillingane. Samstundes freistar ein i fellesskap å verte samde om vegen vidare, og om det er motsegner som formelt skal vere gjeldande. Vi gjer merksam på at Fylkesmannen etter nærare gjevne vilkår kan avskjere motsegner, sjå vedlegg til KMDs brev av 22.12.2017 for ytterlegare informasjon.
- Fylkesmannen sender (etter dialogmøtet) ei samordna fråsegn til kommunen. Alle relevante motsegner vil gå klart fram av dette brevet. I tillegg vil høyringsfråsegnene frå respektive statlege etatar verte vedlagt i sin heilskap.
- Vidare oppfølging av dei formelle motsegnene skjer i direkte dialog mellom den etat som har fremja motsegn og kommunen. Når motsegnspunkta er rydda av vegen, må båe partar ta initiativ til å orientere Fylkesmannen om dette slik at motsegna kan trekkjast.
- I planforslag der det *ikkje* fremjast motsegn, skal fråsegnene frå dei statlege etatane sendast direkte til kommunen, med kopi til Fylkesmannen.

For å sikre at samordninga av statlege etatar skjer på ein best mogeleg måte er alle partar avhengig av god dialog. Det oppfordrast difor til tidleg kontakt med Fylkesmannen når ein får planforslag der det kan vere aktuelt å fremje motsegn. Kommunane må gjerne òg få kopi av uttaler som vert sende til Fylkesmannen, der det er gjort greie for kvifor (mtp. grunngeving og forankring i statlege føringar) ein ser grunnlag for å fremje motsegn.

2. Behov for utvida høyringsfrist for plan- og dispensasjonssaker

No når sumarferien straks står for døra, vil Fylkesmannen minne om kommunane sitt ansvar for tilrettelegging for medverknad i planprosessar, jf. m.a. pbl. §§ 1-4, 3-2, 5-1 og 19-1. I ferietider betyr det i praksis at m.a. høyringsfristar bør forlengast. (Sjå vedlegg.)

Kommunen har ei sjølvstendig plikt til å syte for at sakene er tilstrekkeleg utgreidd før det kan fattast vedtak. Vi viser i den samanheng òg til pbl. § 1-4, andre ledd: «*Plan- og bygningsmyndighetene skal samarbeide med andre offentlige myndigheter som har interesse i saker etter plan- og bygningsloven og innhente uttalelse i spørsmål som hører under vedkommende myndighets saksområde*».

Utgangspunktet er at statlege/regionale sektororgan ikkje berre har rett, men òg plikt til å medverke i planprosessar, jf. pbl. § 3-2 tredje ledd. Vi legg i så måte til grunn at det er i planstyresmakta si interesse å sikre best mogleg medverknad frå alle aktuelle partar, slik at lova sine krav til prosess vert følgde.

2019 er i tillegg eit utfordrande år for Fylkesmannen. Samstundes som det nye samanslåtte embetet skal finne sin form, har vi framleis ansvaret for 59 kommunar. Vi er kjent med at fleire kommunar jobbar med kommuneplanar og reguleringsplanar som venteleg vert lagt ut til offentleg ettersyn/høyring i løpet av sumaren.

Både vi og dei andre høyringsinstansane har mange kommunar med høgt aktivitetsnivå å følgje opp. Vi ønskjer å medverke aktivt innan alle våre ansvarsområde og gje kommunane så gode tilbakemeldingar som mogeleg. For å klare det, er ofte fleire fagpersonar frå ulike avdelingar involvert i høyringsprosessane, noko som medfører eit betydeleg koordineringsarbeid. Då ulike personar har ferie til ulik tid, kan det vere vanskeleg å gje tilbakemelding i løpet av minimumsfristen



på 6 (4/3) veker i ferietida. Tilsvarande gjeld òg for Fylkesmannen si samordning av motsegner til planar.

Vi oppmodar difor kommunane om å **utvide uttalefristen med minst fire veker** for saker som blir lagt/sendt ut i perioden 17. juni – 18. august. I nokre høve kan det verte behov for enda meir tid. I tilfelle tek vi kontakt.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane
fylkeskommune

Postboks 7900 5020 BERGEN
Askedalen 2 6863 LEIKANGER

Mottakarliste:

Regionale statlege etatar i Hordaland

Kommunane i Hordaland

Kommunane i Sogn og Fjordane

Regionale statlege etatar i Sogn og Fjordane



KVA SEIER LOV OG RETTLEIARAR OM MEDVERKNAD OG HØYRINGSFRISTAR?

Medverknad

Utgangspunktet er at statlege/regionale sektororgan ikkje berre har rett, men òg plikt til å medverke (pbl. § 3-2 tredje ledd) i planprosessar.

Kommunen har sjølv plikt til å sørge for at ei sak skal vere tilstrekkeleg utgreidd før vedtaket blir fatta, jf. fvl. § 17 og pbl. § 1-4 andre ledd: «Plan- og bygningsmyndighetene skal samarbeide med andre offentlige myndigheter som har interesse i saker etter plan- og bygningsloven og innhente uttalelse i spørsmål som hører under vedkommende myndighets saksområde».

Høyringsfristar

Pbl. § 11-14 (kommuneplan) alternativt § 12-10 (reguleringsplan) fastset eit minimumskrav på seks veker for å gje fråsegn til, eller fremme eventuell motsegn til planforslag.

Utdrag frå KMDs «Veileder for kommuneplanens arealdel» av 25.04.2012

2.2.1 Høring og offentlig ettersyn – kommuneplan

...skal gi en rimelig frist for merknader som ikke må settes kortere enn 6 uker. Den angitte frist er å anse som en minimumsfrist, og etter omstendighetene bør det vurderes å forlenge denne fristen. For eksempel kan dette gjøres når utleggelse skjer i forbindelse med ferier eller hvor stedlige forhold gjør at høringsorganer trenger mer tid. I saker som berører organer med sjeldne møter bør også fristen vurderes forlenget.

Utdrag frå KMDs «Reguleringsplanveileder» av 10.09.2018

3.5.6 Frist for uttalelse

Fristen for å gi uttalelse til planforslaget skal være minst 6 uker. For store og kompliserte planer kan det være behov for lengre frist. Det kan også gjelde der planforslag legges ut til offentlig ettersyn og sendes på høring i ferietiden eller over offentlige høytider.

Dispensasjonssaker, plan- og bygningslova kapittel 19

I pbl. § 19-1 står det: «Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.» Vidare i § 19-2 femte ledd: «Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker, herunder fastsette tidsfrist for andre myndigheters uttalelse i dispensasjonssaker og gi regler om beregning av frister, adgang til fristforlengelse og konsekvenser av fristoverskridelse.»

Utdrag frå Byggesaksforskriften (SAK10) § 7-5 Tidsfrist for statlige og regionale myndigheters saksbehandling

«Statlige og regionale myndigheter må avgi uttalelse eller fatte vedtak innen 4 uker fra oversendelse. Dette gjelder både ved søknad etter plan- og bygningsloven § 20-2 som krever dispensasjon fra plan eller planbestemmelser og ved søknad som kun gjelder dispensasjon. I særlige tilfeller kan kommunen forlenge fristen for disse myndigheter før denne er utløpt.»

Når det gjeld klage på dispensasjonsvedtak går fristen fram av fvl. § 29, dvs. normalt 3 veker.